



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

TILSYNSRAPPORT

TILSYN MED AUKRA KOMMUNE
SOM BARNEHAGEMYNDIGHEIT

DATO: 26.10.2012

SAKSNUMMER: 2012/5716

TILSYNSGRUPPE:

NICOLAI STØREN

REIDUN NEDREBØ

MAREN ØRJASÆTER AALAND



INNHALD

1	Innleiing	2
2	Tema for tilsynet	2
3	Grunnlag for tilsynsrapporten	3
3.1	Dokumentunderlag	3
3.2	Intervju.....	4
4	Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	5
4.1	1: Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar.....	5
4.2	2: Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage.....	6
4.3	3: Barnehagelova § 16 jf. § 8 første ledd: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.....	7
4.3.2	3.1: Barnehagelova § 16 jf. § 17: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillande leiing.....	8
4.3.3	3.2: Barnehagelova § 16 jf. 18: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagen har tilfredsstillande øvrig personale	10
4.3.4	3.3: Barnehagelova § 16 jf. forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillande pedagogisk bemanning	11
4.3.5	3.4: Barnehagelova § 16 jf. § 19: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om politiattest.....	12
4.3.6	3.5: Barnehagelova § 16 jf. § 22: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om opplysningsplikt til barnevernet.....	13
5	Merknader	14
6	Pålegg om endring.....	14
7	Klagerett	14

1 INNLEIING

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Aukra kommune den 26.10.2012. Tilsynet er ein del av eit felles tilsyn der Fylkesmannen i Møre og Romsdal fører tilsyn med eit utval kommunar i fylket i 2012.

Tilsynet er retta inn mot i kva grad kommunen oppfyller krav innanfor oppgitte emne, og rapporten viser avvik og merknader som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Aukra kommune har tilfredsstillande styring i høve til regelverket. Tilsynet gjekk m.a. ut på å undersøkje om:

- aktivitetar vart utførte slik som det går fram av skriftleg dokumentasjon og gjennom intervju med sentralt plasserte personar i kommunen
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene som styresmaktene har sett.

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis. Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekte under tilsynet.

- **AVVIK** førekjem når krav som er fastsette i, eller i medhald av, lov eller forskrift ikkje er oppfylte.
- **MERKNAD** er eit tilhøve som ikkje kjem inn under definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå styresmaktene avdekkjer eit forbettringspotensiale.

2 TEMA FOR TILSYNET

Tilsynet vart varsla i brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 21.08.2012. Tilsynet har omhandla kommunen si rolle som barnehagemyndigheit knytt til følgjande føresegner i barnehagelova (i kraft frå 1.1.2006) med forskrifter:

- Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar.
- Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage.
- Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.

Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner:

- Barnehagelova § 17: Styrar.

- Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale.
- Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning.
- Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen.
- Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet.

3 GRUNNLAG FOR TILSYNSRAPPORTEN

3.1 DOKUMENTUNDERLAG

Fylkesmannen fekk tilsendt dokumentasjon frå kommunen før tilsynsbesøket, første sending var datert 03.10.2012 og inneheld følgjande:

- Årsmelding 2011
- Organisasjonskart
- Dispensasjon frå utdanningskravet, Trollmyra 2012
- Dispensasjon frå utdanningskravet, Trollmyra 2012
- Dispensasjon frå utdanningskravet, Barnebo 2012
- Dispensasjon frå utdanningskravet, Bergetippen barnehage 2012
- Tilsyn, orientering om plan og retningslinjer, politisk sak 2009
- Tilsyn, retningslinjer, 2009
- Tilsyn, plan, 2009
- Tilsyn, melding til barnehagane, 2009
- Tilsyn, rapport Trollmyra, 2009
- Tilsyn, rapport Barnebo, 2009
- Tilsyn, rapport Bergetippen, 2009
- Tilsyn, orientering om resultat 2009, politisk sak
- Tilsyn, melding til barnehagane, 2011
- Tilsyn, rapport Trollmyra, 2011
- Tilsyn, rapport Barnebo, 2011
- Tilsyn, rapport Bergetippen, 2011
- Tilsyn, orientering om resultat, 2011, politisk sak
- Rett til plass, politisk orienteringssak, 2009
- Rett til plass, opptak 2009 – 2010, politisk orienteringssak
- Rett til plass, opptak 2010 – 2011, politisk orienteringssak
- Rett til plass, opptak 2011 – 2012, politisk orienteringssak
- Overgang barnehage – skole, generell informasjon
- Overgang barnehage – skole, informasjon til føresette

- Overgang barnehage – skole, årshjul
- Politiattest, døme på registrering, Trollmyra
- Politiattest, kommunale rutiner for elektrisk personalarkiv
- Barneverntenesta, handlingsplan ved mistanke/overgrep, Trollmyra
- Barneverntenesta, meldeplikt og opplysningsplikt, Trollmyra
- Barneverntenesta, meldeskjema, Trollmyra
- Barneverntenesta, kommunale rutiner ved bekymring
- Barneverntenesta, møteplan for tverrfaglege samarbeidsmøte
- Godkjenning av Trollmyra barnehage
- Godkjenning Barnebo
- Godkjenning Barnebo, Aukrahallen, brev til Fylkesmannen
- Godkjenning Barnebo, Aukrahallen
- Godkjenning Barnebo, Aukrahallen, skisser
- Godkjenning Barnebo, skjema Aukrahallen
- Godkjenning Bergetippen, mai 2008
- Godkjenning Bergetippen, august 2008
- Godkjenning Bergetippen, november 2008
- Vedtekter, forslag til nye, under politisk handsaming
- Vedtekter
- Delegasjonsreglement

Andre sending var datert 23.10.2012 og inneheld følgjande dokumentasjon:

- Godkjenning av barnehagane etter forskrift om miljøretta helsevern
- Dokumentasjon på rett til barnehageplass barnehageåret 2012/2013
- Kommuneplanen 2011 - 2020

I tillegg har det i perioden tilsynet har pågått, vorte innsendt tilleggsdokumentasjon. Denne tilleggsdokumentasjonen er i hovudsak knytt til arbeidet Aukra kommune er i gang med gjeldande godkjenning av barnehagar.

3.2 INTERVJU

Følgjande personar vart intervjuet under tilsynsbesøket:

- *Rådmann: Dagfinn Aasen*
- *Kommunalsjef: Marianne Zalik*
- *Barnehagefagleg ansvarleg: Marianne Bolghaug*
- *Eigarar Trollmyra barnehage: Anja Otterlei (styrar) og Karoline Otterlei*

- Styrar Barnebo barnehage: Sissel Oliv Garseth
- Styrar Bergetippen barnehage: Berit Drejer

4 FYLKESMANNEN SINE VURDERINGAR OG KONKLUSJONAR

4.1 1: BARNEHAGELOVA § 10: GODKJENNING AV BARNEHAGAR

4.1.1.1 Rettslege krav:

Det følgjer av barnehagelova § 10 at (sitat):

«Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.»

Med utgangspunkt i denne føresegna vert det stilt krav om at fysiske rammer må vere eigna til barnehagedrift. Vidare må barnehagen leggje til rette for leik, livsutfalding og meningsfylte aktivitetar og opplevingar i trygge og utfordrande omgjevnader. Barnehagen må ta omsyn til kroppslege utfordringar, samt at det vert sett gode vilkår for læring, leik, meistring og omsorg.

Vidare må bemanningsplanen vise at drifta i barnehagen vil vere forsvarleg og at barnehagetilbodet kan oppfylle loven og rammeplanen sine krav til innhaldet i barnehagen.

Vurderinga av om barnehagen er eigna i forhold til føremål og innhald er ei vurdering som må gjerast i tillegg til andre lovfesta kriterier for godkjenning av barnehagebygg. Sjå også Ot.prp. nr. 72 (2004-05)

Barnehagen skal vere godkjend etter § 10 innan oppstart av barnehagedrifta. Det må gjevast ny godkjenning når endringar i barnetal/bygningsmasse tilseier dette i forhold til den gjeldande godkjenninga. Barnehagen må til ei kvar tid vere godkjend for den verksemda ein faktisk driv.

4.1.1.2 Dokumentasjon og vurdering

Kommunen som barnehagemyndigheit skal ved handsaming av søknad om godkjenning av barnehagar gjere ei konkret vurdering av om barnehagen er eigna til barnehageverksemd i forhold til dei krava som kan utleiast av §§ 1, 1a og 2, barnehagen sitt formål og innhald. Av

desse føresegnene går det mellom anna fram at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og at barnehagen skal gi høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Dette medfører krav både til utforming, innhald og bemanning.

Det kom fram under tilsynet med Aukra kommune, gjennom intervju og innsendt dokumentasjon, at kommunen er i gang med eit viktig arbeid i forhold til godkjenning av barnehagar. Dette for å sikre at godkjenningane er i tråd med krava i lov- og regelverk. Dette prosessarbeidet kjem fram i ulike innsendte dokument, planar og godkjenningsvedtak. Fylkesmannen vurderer det slik at Aukra kommune gjer ei vurdering av «barnehagens egnethet» i forhold til krava som kan utleiast av §§ 1, 1a og 2, som stettar lovkravet, men at dokumentasjon knytt til dette vil kome tydelegare fram i sjølv sakspapira vedkomande godkjenninga når nye rutinar er vedtatt og innarbeidd. Fylkesmannen stilte og spørsmål ved om godkjenning av barnehageverksemda ved Aukrahallen har gyldig godkjenning. Aukra har sendt inn ytterlegare dokumentasjon om at kommunen er i gang med å vurdere fornya godkjenning for Aukrahallen. Aukrahallen var politisk godkjent i 2008 og godkjenninga var gjort gjeldande for 3 – 4 år. Det er i haust påbegynt ei politisk sak om godkjenning av Aukrahallen og denne saka om godkjenning skal handsamast i livsløpsutvalet i kommunen i januar. Fylkesmannen vel å konkludere med at praksisen for godkjenning stettar lovkravet, og understrekar at barnehagar til ei kvar tid skal vere godkjent for den verksemda ein faktisk driv.

4.1.1.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Aukra kommune godkjenner barnehagar etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til formål og innhald, jf. barnehagelova § 10 jf. §§ 1, 1a og 2.

4.2 2: BARNEHAGELOVA § 12A: RETT TIL Plass I BARNEHAGE

4.2.1.1 Rettslege krav

Det følgjer av barnehagelova § 12a at (sitat):

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

I tillegg til å oppfylle retten til barnehageplass i bustadkommunen til barnet frå august, bør kommunen også ha system som sikrar at kommunen har oversikt over omtrentleg behov for barnehageplassar i kommunen den næraste framtida.

4.2.1.2 Dokumentasjon og vurdering

Under tilsynet kom det fram at Aukra kommune oppfyller retten til barnehageplass i tråd med føresegna.

Aukra kommune har ikkje no lenger særlege utfordringar knytt til opptaket, og har klart å tilby barnehageplass til alle som har rett til plass. Per i dag har kommune ledig kapasitet. Når det gjeld det framtidige behovet for barnehageplassar, prøver kommunen gjennom barnetalsprognosar og framskriving av tal å ha ei viss oversikt over framtidig behov. Dimensjonering kan vere vanskeleg i forhold til arbeidsinnvandring.

4.2.1.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Alle som har rett til barnehageplass i Aukra kommune får tilbod om dette i tråd med barnehagelova § 12a.

4.3 3: BARNEHAGELOVA § 16 JF. § 8 FØRSTE LEDD: KOMMUNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

4.3.1.1 Rettslege krav

Det følgjer av barnehagelova § 8 første ledd at (sitat):

«Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.»

Kommunen sitt ansvar for å «påse» at barnehagane vert drivne i tråd med gjeldande regelverk vert utdjupa i barnehagelova § 16, der det står at (sitat):

«Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklages til fylkesmannen.»

Kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane i kommunen vert drivne i tråd med barnehagelova. Tilsyn er noko anna enn rettleiing, dette er ei sjølvstendig oppgåve som også ligg til kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8 første ledd.

Overfor sine egne verksemdar er kommunen sitt tilsyn også heimla i kommunelova kap. 12. På grunn av at tilsynsrolla har ei viktig side mot nettopp rettleiing, er det viktig å definere tilsynet som noko som skjer ovanfrå og ned, der ei viktig oppgåve vil vere å gi pålegg til barnehagane i kommunen dersom det vert drive i strid med lovverket. Tilsynet må

gjennomførast på ein måte som tryggjar at eventuelle lovbrøt vert oppdaga og sanksjonert. I denne samanhengen må tilsynet organiserast på ein måte som gjer at kommunen faktisk «påser» at barnehagane i kommunen vert drivne i tråd med regelverket.

Barnehagelova gjev ingen bindingar på korleis tilsynet skal gjennomførast, og det er opptil kommunestyret å avgjere kva for organ som skal utføre tilsynet, jf. kommunelova §§ 10, 12 og 23.

Det er viktig at ein ser til at tilsynet vert utøvd i tråd med delegasjonsreglementet i kommunen.

4.3.1.2 Dokumentasjon og vurdering

Det er kommunen som barnehagemyndigheit som skal føre tilsyn med den einsskilte barnehage i kommunen. Kommunen si rolle som tilsynsmyndigheit er å forstå som dei aktivitetane som kommunen utøver for å sikre at barnehagane vert drivne i samsvar med lov og forskrifter. I arbeidet kommunen utfører er det fleire aktivitetar som kjem inn under tilsynsomgrepet. Døme på dette kan vere innhenting av informasjon gjennom årsplanar, rapportar, årsmeldingar og vedtekter. Dette er med å gi kommunen innsyn i den einsskilte verksemd. I tillegg til dette skal kommunen gjennomføre varsla tilsynsbesøk i barnehagane og hendingsbaserte tilsyn når det er behov for det. Slik er tilsynsarbeidet ei sentral oppgåve som kommunen som barnehagemyndigheit skal utføre kontinuerleg og som gjeld både eigne, kommunale barnehagar og ikkje-kommunale barnehageverksemdar. Barnehagelova gir ingen bindande reglar for korleis og kor ofte tilsynet skal utførast. Rettleiingsmateriell frå Kunnskapsdepartementet går nærare inn på kva som kjem inn under tilsynsomgrepet. Utan at dette er nærare presisert, må det og leggest til grunn at lova føreset ein viss regularitet og eit visst minimumsomfang på tilsynsverksemda.

Utifrå den innsendte dokumentasjonen kan ein sjå at Aukra kommune fører faste tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen har ein plan for tilsynsaktiviteten.

4.3.1.3 Fylkesmannen sin konklusjon – avvik frå lovkravet

Aukra kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen i tråd med barnehagelova §§ 16 jf. 8.

4.3.2 3.1: BARNEHAGELOVA § 16 JF. § 17: KOMMUNEN SITT TILSYN MED AT BARNEHAGANE HAR TILFREDSSTILLANDE LEIING

4.3.2.1 Rettslege krav

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av barnehagelova § 17 at (sitat):

«Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter om dispensasjon fra utdanningskravet og om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet.»

Denne føresegna stiller opp eit krav om at kvar barnehage må ha ein eigen dagleg leiar som har kvalifiserande utdanning til å vere styrar i barnehagen.

Når det gjeld kva som er innhaldet i kravet om «forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse», er dette ein standard som må tolkast etter lokale tilhøve, og vil variere alt etter mellom anna storleiken på barnegruppe, areal, og samansetting av personal- og barnegruppa. I vurderinga av om leiinga er forsvarleg, må ein ta omsyn til dei mange oppgåvene som ligg til styraren i barnehagen. Mellom anna har styraren i tillegg til det reint administrative ansvaret også ei nøkkelrolle når det kjem til initiativ, tiltak, planlegging og oppfølging i samband med pedagogisk arbeid og prosjekt. Styraren må vidare vere tilgjengeleg for foreldra, og må legge til rette for eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. I tillegg til dette har styraren også ansvaret for utviklings- og endringsarbeidet i barnehagen. Sjå vidare om kravet til styrarane i barnehagane i Kunnskapsdepartementet sine merknadar til føresegna, samt rettleiaren om pedagogisk bemanning i barnehagen.

Det er kommunen si oppgåve som barnehagemyndigheit å føre tilsyn med at barnehagen – på bakgrunn av det som her har vore nemnt – har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing, jf. barnehagelova §§ 16 jf. 8 første ledd.

4.3.2.2 Dokumentasjon og vurdering

Det kom fram under tilsynet at barnehagane i Aukra kommune har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Barnehagen skal ha ein dagleg leiar – ein styrar. Det vert i utgangspunktet stilt krav om at kvar barnehage skal ha ein styrar. Det kan imidlertid tenkjast unntakstilfelle der det kan vere behov for at fleire barnehagar samlar sine styrarressursar, til dømes i eit leiarteam. Departementet føreset at slik samordning ikkje fører til reduksjon av styraressursen for den einskilde barnehage.

Det er viktig å merkje seg at styraren er ein sentral person i barnehagen si verksemd og har ei nøkkelrolle når det gjeld initiativ, tiltak og oppfølging i samband med det pedagogiske

arbeidet. Ansvar for endrings- og utviklingsarbeidet i barnehagen er viktig. Styreren må være tilgjengelig for alle foreldre og må legge til rette for eit godt og utviklande arbeidsmiljø. Styreren skal også samhandle med kommunen om oppgåver knytt til økonomi, opptak av barn, foreldrebetaling osv., noko som krev god administrativ kunnskap og evne til strategisk tenking og langsiktig planlegging. Dei omfattande oppgåvene styreren har, krev at styrar er tilstades og har dagleg oppfølging av barnehagen. Tilsynet avdekkar at dette er Aukra kommune oppfyller desse krava.

4.3.2.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Gjennom tilsynet med Aukra kommune som barnehagemyndigheit, eksemplifisert gjennom § 17, kom det fram at barnehagar i kommunen har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing, jf. barnehagelova § 17 og at Aukra kommune fører tilsyn med dette.

Det vert vidare vist til § 16 Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.

4.3.3 3.2: BARNEHAGELOVA § 16 JF. 18: KOMMUNEN SITT TILSYN MED AT BARNEHAGEN HAR TILFREDSSTILLANDE ØVRIG PERSONALE

4.3.3.1 Rettslege krav

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

De følgjer av barnehagelova § 18 at (sitat):

«Pedagogiske ledere må ha utdanning som førskolelærere.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon, om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.»

Kommunen skal føre tilsyn med at det er tilstrekkeleg bemanning i barnehagane i kommunen, og at dei tilsette i barnehagen har den naudsynte utdanninga.

4.3.3.2 Dokumentasjon og vurdering

Det kom fram under tilsynet at Aukra kommune har fokus på rekruttering av førskulelærarar og at kommunen legg til rette for at assistentar kan ta utdanning. Kommunen har gjennom tilsyn, årsmeldingar og gjennomgang i møte oversikt over om dei tilsette har den naudsynte kompetansen som vert kravd for arbeid i barnehage. Det vert gjeve dispensasjonar frå utdanningskravet i kommunen og kommunen har utarbeidd rutinar for dette.

4.3.3.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Gjennom tilsynet med Aukra kommune som barnehagemyndigheit, eksemplifisert gjennom § 18, kom det fram at Aukra kommune fører tilsyn med at dei tilsette i barnehagane har naudsynt utdanning. Vidare har Aukra kommune rutinar knytt til handtering av regelverket om å handsame søknader om dispensasjon frå utdanningskravet. Aukra kommune oppfyller krava i § 18.

Det vert vidare vist til § 16 Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.

4.3.4 3.3: BARNEHAGELOVA § 16 JF. FORSKRIFT OM PEDAGOGISK BEMANNING § 1: *KOMMUNEN SITT TILSYN MED AT BARNEHAGANE HAR TILFREDSSTILLANDE PEDAGOGISK BEMANNING*

4.3.4.1 Rettslege krav

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av forskrift om pedagogisk bemanning § 1 at (sitat):

«Det skal være minimum én pedagogisk leder per 14-18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder».

Norm for pedagogisk bemanning tilseier at det skal være «én» pedagogisk leiar per 14-18/7-9 «barn». Dette inneber at ein må tilsette ein pedagog i full stilling ved inntak av det 19. eller 10. barnet. Norma gjeld heile stillingar, og tek ikkje omsyn til omfanget av oppholdstida til barna i barnehagen.

Kommunen skal føre tilsyn med at denne norma vert følgd i barnehagane i kommunen. Kommunen som barnehagemyndigheit må ha ei korrekt forståing av pedagognorma.

4.3.4.2 Dokumentasjon og vurdering

Det kom fram under tilsynet at Aukra kommune påser at barnehagane i kommunen har tilstrekkeleg bemanning i tråd med norma for pedagogisk bemanning gjennom tilsyn og kontroll av årsmeldingar og liknande.

Det kom fram under tilsynet at Aukra kommune har ei korrekt forståing av norma for pedagogisk bemanning.

4.3.4.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Gjennom tilsynet med Aukra kommune som barnehagemyndigheit, eksemplifisert gjennom forskrift om pedagogisk bemanning § 1, kom det fram at barnehagane i Aukra kommune har tilstrekkeleg bemanning og er i tråd med forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Aukra kommune fører tilsyn med med dette.

Det vert vist til § 16 om kommunen sitt tilsyn med barnehagar.

4.3.5 3.4: BARNEHAGELOVA § 16 JF. § 19: KOMMUNEN SITT TILSYN MED AT BARNEHAGANE ETTERLEVER KRAVA OM POLITIATTEST

4.3.5.1 Rettslege krav

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av barnehagelova § 19 at (sitat):

«Den som skal arbeide i barnehage må legge fram tilfredsstillende politiattest. Attesten skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.

Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot barn, er utelukket fra arbeid i barnehager.

Kommunen kan kreve politiattest etter første ledd også for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen.

Departementet gir utfyllende forskrifter om politiattester.»

Kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane har tilstrekkelege rutinar for framleggjing av politiattest for alle som skal arbeide i barnehagen. Det er her viktig å merke seg at lova ikkje stiller krav om at den som skal legge fram politiattesten må vere tilsett i barnehagen, det er tilstrekkeleg at vedkomande skal utføre arbeid i barnehagen. Kravet gjeld dermed også personar som er tilsett hjå andre, til dømes innleigde vikarar, vaktmeister, reinhaldarar med meir.

4.3.5.2 Dokumentasjon og vurdering

Det kom fram under tilsynet at Aukra kommune fører tilsyn med at dei som arbeider i barnehagane i kommunen legg fram tilfredsstillande politiattest før tilsetjing i barnehagar.

4.3.5.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Aukra kommune som barnehagemyndigheit fører tilsyn med at barnehagane i kommunen handhevar plikta til å legge fram politiattest i barnehagen, jf. Barnehagelova § 19.

Det vert vist til § 16 om kommunen sitt tilsyn med barnehagar.

4.3.6 3.5: BARNEHAGELOVA § 16 JF. § 22: KOMMUNEN SITT TILSYN MED AT BARNEHAGANE ETTERLEVER KRAVA OM OPPLYSNINGSPLIKT TIL BARNEVERNET.

4.3.6.1 Rettslege krav

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av barnehagelova § 22 at (sitat):

«Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side.

Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.»

Denne føresegna pålegg personalet i barnehagen ei plikt både til å være merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta, og å gje opplysningar til barnevernet uhindra av teieplikta. Ein føresetnad for at denne føresegna skal etterlevast i barnehagane er at personalet der er kjende med innhaldet i barneverntenesta, samt at ein kjenner til kva som ligg i omgrepet «omsorgssvikt».

Spørsmålet blir dermed om kommunen fører tilsyn med at dei som arbeider i barnehagane er kjende med innhaldet i opplysningsplikta etter § 22, og om denne føresegna vert etterlevd i barnehagane i kommunen.

4.3.6.2 Dokumentasjon og vurdering

Det kom fram under tilsynet med Aukra kommune at kommunen har regelverket knytt til opplysningsplikt til barnevernet som tema på møte og kurs for dei tilsette. Vidare at

styrarane har eit særskilt ansvar for å følgje opp dette og rutinane knytt til den individuelle opplysningsplikta blir gått gjennom på den einkilde barnehage.

4.3.6.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Gjennom tilsynet med Aukra kommune som barnehagemyndigheit, eksemplifisert gjennom § 22, kjem det fram at kommunen har rutinar for handtering av regelverket knytt til individuell opplysningsplikt. Kommunen sitt «påse-ansvar» er ivaretatt i kommunen si oppfølging av og tilsyn med barnehagane. Fylkesmannen konkluderer med at barnehagane i kommunen etterlever opplysningsplikta til barnevernet slik denne går fram av barnehagelova § 22.

Det vert vist til § 16 om kommunen sitt tilsyn med barnehagar.

5 MERKNADER

Fylkesmannen gav ingen merknader under tilsynet med Aukra kommune.

6 PÅLEGG OM ENDRING

Fylkesmannen gav ingen pålegg om endring under tilsynet med Aukra kommune.

7 KLAGERETT

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak i tråd med forvaltningslova § 2. Det gjeld følgeleg ein klagefrist på tre veker frå tilsynsrapporten vart motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Molde, den 11.12.2012

Nicolai Støren

Maren Ørjasæter Aaland

Reidun Nedrebø